



LINDÅS KOMMUNE
Interne stabstenester

Melding om vedtak

Kommunal- og regionaldepartementet kommunalavdelinga

~~Postboks 8129 Dep~~

0032 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.
2008/949 - 21066/2008

Inger- Marie Nordland

Arkivkode

Dato
22.09.2008

Endringar i vallova og kommunelova - høyring

Vedlagt fylgjer saksutgreiing med vedtak.

Namn på sakshandsamar går fram av vedlagte sak. Ved eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast via kommunen sitt sentralbord.

Med helsing

Inger- Marie Nordland
administrasjonssekretær



Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
118/08	Formannskapet	28.08.2008
95/08	Kommunestyret	18.09.2008

Endringar i vallova og kommunelova - høyring

Saksdokument vedlagt:

Saksdokument ikkje vedlagt:

Høyringsnotat om endringar i vallova og kommunelova dat. 27.juni 2008

Saksutgreiing:

Saka går til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret

Kommunal- og regionaldepartementet kjem med framlegg til enkelte endringar i vallova og kommunelova.

Departementet kjem med fylgjande framlegg til lovendringar:

- Framlegg om å innføre ei ordning med "tidlegrøysting". Veljarane skal frå 1.juli ha høve til å venda seg til kommunen og be om å få røyste før den ordinære førehandsrøystinga tek til 10.august.
- Framlegg om at kommunen kan fastsetje at vallokala på valdagen skal halda ope til kl.21:00. Det vert foreslått at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halda ope til kl.21:00.
- Framlegg om at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at kommunen skal halde todagars val.
- Framlegg om innføring av lovbrotsgebyr ved brot på vallova § 9-9.
- Framlegg om heimel for valobservasjon.
- Framlegg om ei prinsippføresegn i kommunelova om rådgjevande lokale folkerøystingar og heimel for innsamling av data om slike folkerøystingar.

Vurdering:

Tidlegrøysting:

Perioden for førehandsrøysting vart endra frå 15.juli til 10.august i 2003. Etter valet kom det kritikk mot nedkortinga av perioden for førehandsrøysting. Det var særleg fiskarar, personar som arbeider i utanriksfart og studentar som kom med kritikk.

Endingane av tidspunktet for førehandsrøysting i 2003 vart gjort av fleire grunnar:

- 15. juli er midt i ferietida
- Valkampen har ikkje kome skikkeleg i gang og partia har ikkje fått markert seg skikkeleg overfor veljarane
- Det var vanlegvis få veljare som førehandsrøysta i juli og tidleg i august

Departementet rår til ei alternativ ordning der veljarane som ikkje kan røyste på førehand i den ordinære perioden og heller ikkje på valdagen får høve til å vende seg til kommunen frå 1.juli (som og er tidspunktet for når førehandsrøystinga tek til utanriks) til 9.august (fram til ordinær førehandsrøysting 10.august).

Kommunen må sørge for eit røystemottak t.d. rådhuset

Opningstid i vallokala på valdagen:

Dersom vallokala er ope til kl.21:00 på valdagen kan ein få meir spreing på dei som ønskjer å røyste om kvelden. Det vil og gje veljarane betre tid og føre til at dei finn betre rom for å kunne røyste.

Valresultata vil vera klare seinare, men det er viktigare at flest mogleg veljarar får røyste.

Dette kan ha ei positiv effekt særleg i dei store byane.

Dep. ynskjer å endre vallova slik at ein tredel av kommunestyret kan krevje at vallokala har ope til kl.21:00

I dei største vallokala (Lindås, Knarvik og Alversund) har meld frå om køar i periodar, for å løyse dette har dei bede om fleir avlukke og oppdeling av manntal.

Todagars val:

Ein kan ikkje påvise nokon klar samanheng mellom valdeltaking og todagars val, men at røystinga er enda meir tilgjengeleg er i seg sjølv positivt.

Departementet ynskjer at eit mindretal i kommunestyret (ein tredel) kan krevja todagars val i nokre eller alle vallokala i kommunen.

Det har ikkje vore todagars val i Lindås tidlegare, kommunen har ikkje fått tilbakemeldingar på at veljarane ønskjer dette.

Innføring av lovbrotsgebyr:

Etter vallova § 9-9 er det forbode å offentleggjere valresultat og prognosar som er laga på grunnlag av undersøkinga rein har gjort den dagen eller dei dagane valet går føre seg, før alle vallokala er stengde kl. 20:00 på valdagen. Ei offentleggjering er eit lovbrøt, men likevel ikkje straffesaksjonert. Dep. har kome fram til at den mest tenelege reaksjonsforma ved brot på forbodet i § 9-9 vil vere ein administrativ sanksjon med gebyr som reaksjonsform.

Valobservasjon:

Dep. får heimel i ein ny § 15–10 å påleggje kommunane ei plikt til å ta imot både nasjonale og internasjonale valobservatørar – private institusjonar og organisasjonar, slik Noreg er forplikta til.

Lokale folkerøystingar:

I st.meld.33 (2007-2008) er det fremja forslag om å lovfesta prinsippet om at kommunar og fylkeskommunar kan halde lokale folkerøystingar, og lovfeste ein heimel for innsamling av data om lokale folkerøystingar.

Dep. ser det ikkje formålstenleg å lovfeste bindande lokale folkerøystingar. Det er ingen hindringar for at folkerøystingar kan vera "politisk bindande" ved at partia "bind seg" til å røyste i samsvar med utfallet av folkerøystinga. Avgjerdsmakta til kommunestyret kan likevel ikkje bindast på denne måten.

Dep. vil lovfeste prinsippet om den retten kommunane har til å halde lokale rådgivande folkerøystingar. Denne regel vil ha sin plass i kommunelova saman med reglane om innbyggjarinitiativ. Ein lovregulering må vera generell slik at det ikkje vert til hindring for kommunane i gjennomføringa.

Saka vert lagt fram til drøfting og om mogeleg vedtak.

Handsaming i Formannskapet - 28.08.2008

Fellesframlegg:

Formannskapet ser positivt på dei endringane som høyringsnotatet legg til grunn.

Innstilling i Formannskapet - 28.08.2008

Formannskapet ser positivt på dei endringane som høyringsnotatet legg til grunn.

Handsaming i Kommunestyret - 18.09.2008

Innstillinga frå formannskapet vert samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.09.2008

Innstillinga frå formannskapet vert vedteken.